

RETTLEIING FOR SØKJARAR TIL PROSJEKTMIDLAR FRÅ NOREGSUNIVERSITETET 2011 (Prekvalifisering – søknadsfrist 12. mai 2010)

1. Innleiing - bakgrunn

1.1. Om Noregsuniversitetets mandat og oppgåver

Noregsuniversitetet skal fremje utvikling av IKT-støtta høgre utdanning og livslang læring, samt kunnskapsutvikling, kunnskapsspreiing og informasjon om slik utdanning. Vidare skal Noregsuniversitetet arbeide for å styrkje samarbeidet mellom høgre utdanning og arbeids- og samfunnslivet.

1.2. Om formålet med prosjektmidlane

Som det går fram av Noregsuniversitetets mandat, skal bruken av prosjektmidlane både bidra til

- utvikling av IKT-støtta høgre utdanning og livslang læring
- utvikling av samarbeid høgre utdanning/arbeidsliv og
- utvikling og formidling av kunnskap om slik verksemd

Dette er nedfelt i føringane for bruk av prosjektmidlane, der det bl.a. blir framheva at prosjekta skal bidra til kunnskap om pedagogisk bruk av IKT, som også kan delast med og brukast av andre. Ved fordeling av midlane skal NUV derfor leggje vekt på samarbeid, formidling og prosjekta sitt potensial for gjenbruk og deling av resultat.

Målgrupper: Primær målgruppe for Noregsuniversitetets utlysing er universitet og høgskular, som kan søkje om prosjektmidlar. Viktige målgrupper er likevel også interesserte bedrifter, verksemdar og organisasjonar i arbeids- og samfunnsliv, som er ønskte som samarbeidspartnarar i prosjektsøknader.

2. Føringar for bruk av Noregsuniversitetets prosjektmidlar 2011

2.1. Overordna føringar

- Noregsuniversitetets prosjektmidlar skal gå til prosjekt som bidreg til betra tilgang og auka kvalitet i norsk høgre utdanning i eit livslangt læringsperspektiv, gjennom utvikling av IKT-støtta studietilbod og deling av digitale læringsressursar. Ein del av prosjektmidlane skal også gå til prosjekt som bidreg til å styrkje samarbeidet mellom høgre utdanning og arbeids- og samfunnsliv.
- Prosjekta skal bidra til å utvikle kunnskap om pedagogisk bruk av IKT, som også skal delast med og brukast av andre.
- Prosjekta skal normalt ha utvikling av fleksible utdanningstilbod som ein viktig komponent. Dette kan gjelde både vidareutvikling av eksisterande kurs og utvikling av heilt nye kurs.
- Kurstilboda skal til vanleg gi studiepoeng, og vere retta mot eksterne studentar (fjernundervisning), eller mot ein kombinasjon av eksterne og interne studentar. Ved særleg interessante utviklingsprosjekt kan ein gjere unntak frå desse krava.

2.2. Prioriterte satsingsområde

Noregsuniversitetet vil i 2011 prioritere å støtte prosjekt som oppfyller eitt eller fleire av desse kriteria:

Pedagogisk utviklingsarbeid og bruk av IKT

- Det blir lagt vekt på utvikling av IKT-støtta fleksibel høgre utdanning.
- Utviklingsarbeidet kan omfatte bl.a. tilrettelegging av IKT-støtta undervisning, vurdering og eksamen, utprøving av teknologiar til læringsformål, utvikling av pedagogiske arbeidsmåtar og læringsmåtar i ulike fag, samt institusjonell og organisatorisk utvikling.
- Det blir oppmoda til samarbeidsprosjekt mellom to eller fleire institusjonar i U/H-sektoren.

Samarbeidsprosjekt mellom høgre utdanning og arbeids- og samfunnsliv

- Prosjekta skal byggje på samarbeid mellom høgre utdanningsinstitusjonar og aktørar i arbeidslivet. Det blir lagt vekt på utvikling av arbeidslivsrelevante og IKT-støtta fleksible studietilbod.
- Ein ønskjer prosjekt som legg til rette for læring på arbeidsplassen som ein del av utdanninga.
- Ein ønskjer og prosjekt forankra i institusjonar som har utvikla og utviklar strategiar for auka samarbeid med arbeidslivet.

Opne digitale ressursar, deling og samarbeid

- Ein ønskjer prosjekt som styrkjer tilbodet og aukar bruken av fritt tilgjengelege digitale læringsressursar i høgre utdanning – i nye eller eksisterande IKT-støtta/fleksible studietilbod.
- Dette kan vere prosjekt som utviklar opne digitale læringsressursar, og prosjekt som tek i bruk slike ressursar. Ressursane bør vere slik at dei kan gjenbrukast i nye samanhengar.
- Ein ønskjer prosjekt som aukar kunnskapen om digitale læringsressursar, og gjer det lettare å finne fram til slike.
- Prosjekta bør byggje på samarbeid mellom institusjonar i U/H-sektoren, og ev. andre aktuelle aktørar.

2.3. Nokre utfyllande merknader til føringane

Overordna føringar: Desse framhever ein del grunnleggjande krav til alle prosjekt som skal kunne få stønad frå Noregsuniversitetet. Søknad om midlar må synleggjere korleis prosjektet skal innfri desse krava. Samtidig er det framhevt at ein del midlar skal gå til samarbeid utdanning/arbeidsliv, men dette er ikkje eit krav til *alle* prosjekt - jf. også dei prioriterte områda. Utvikling av studiepoenggivande fleksible utdanningstilbod er framleis eit hovudformål med prosjektmidlane.

Prioriterte område/satsingar: Dei tre prioriterte satsingsområda er likeverdige, ikkje rangert i forhold til kvarandre. Merk at NUV vil prioritere å støtte prosjekt som vektlegg/omfattar *eitt eller fleire* av desse områda. Fordelinga av midlar mellom dei tre områda vil i praksis vere påverka av søknadsmassen og kvaliteten på søknadene som kjem inn.

3. Meir om krav til prosjekt og søknader

(Merk at det i teksten nedanfor er formulert noko ulike krav til søknader i første runde/ prekvalifisering og andre runde/ endeleg søknad.)

3.1. Samarbeid i prosjekt

- Det skal utformast avtalar om samarbeid og arbeidsdeling mellom partar som tar del i prosjektet, og avtalane skal leggjast ved den endelege søknaden. Innhald og ansvarsfordeling i samarbeidsopplegg skal gå klart fram av søknad og avtaler. Ved innsending av første søknad til prekvalifisering er det nok med ei kort/førebels utgreiing om dette.

- Samarbeid mellom lærestader kan vere grunnleggjande i ulike forhold, f.eks. at to eller fleire lærestader ser moglege vinstar i samordning og arbeidsdeling om utvikling av felles studietilbod, deling av ressursar eller liknande. Slike grunnar skal gå fram av søknaden.
- Samarbeid høgare utdanning/arbeidsliv: Samarbeidspartnarar frå arbeids- og samfunnsliv kan bl.a. vere aktuelle bedrifter, verksemder og organisasjonar, innan offentleg eller privat sektor. Grunnane for/formålet med samarbeidet skal gå fram av søknaden.

3.2. Berekraftige prosjekt - varige utdanningstilbod

- Noregsuniversitetet vil støtte prosjekt som produserer kunnskap og læringsressursar som kan gjenbrukast og delast, samt prosjekt som utviklar varige studieopplegg med ei forventa levetid ut over prosjektperioden
- Prosjektsøknadene skal derfor gjere greie for gjenbruks- og delingspotensialet, og berekraft f.eks. planar for å bringe aktivitetane frå prosjektfasen og over i permanent drift eller vidareutvikling.
- Den endelege søknaden skal og synleggjere korleis prosjektet er forankra i institusjonane og strategien desse har.

3.3 Deling av digitale læringsressursar

- Noregsuniversitetet vil støtte prosjekt som kan styrke tilbodet av fritt tilgjengelege digitale læringsressursar – og auke bruken av slike ressursar.
- Digitale læringsressursar som blir utvikla i prosjekta skal normalt vere tilgjengelege for andre. Dersom ressursar ikkje skal gjerast fritt tilgjengelege, skal dette grunnleggjast i søknaden.
- For ressursar som blir gjort fritt tilgjengelege, bør den endelege søknaden gjere greie for:
 - planar for vedlikehald og oppdatering
 - kvar ressursane skal finnast (på lærestaden sine nettsider, andre portalar og samlingar, osv. Vi oppmodar til at ressursar blir gjort tilgjengelege gjennom etablerte kanalar, som eCampus, institusjonane sine opne arkiv osv.)
 - korleis ressursane skal merkast for søk slik at andre brukarar kan finne dei
 - korleis ressursane skal merkast med gjenbrukslisensar som t.d. Creative Commons
- I prekvalifiseringssøknaden er det nok med ei kort utgreiing om desse punkta.

3.4. Periode for stønad - finansiering

- Prosjektperioden for eit prosjekt kan strekkje seg over meir enn eitt år (men normalt ikkje meir enn tre år). Prosjektsøknaden skal omfatte alle kostnadene og den totale finansieringa for heile prosjektperioden. Finansieringsplan skal også omfatte ev. tilskot ein har planlagt/søkt om eller fått frå andre kjelder enn NUV.
- For prosjekt som går over meir enn eitt år, kan ein (monaleg) del av løyvinga utbetalast fyrste prosjektåret, ein del andre prosjektåret og ein siste, mindre del etter fullført og godkjent rapportering.
- Det kan løyvvast inntil 1,5 mill. kr pr prosjekt. I tillegg blir det kravd ei monaleg eigenfinansiering i prosjekta, slik at prosjektsøkjjar og samarbeidspartnarar - og eventuelt anna finansiering enn NUVs - dekkjer minst 1/3 av dei totale kostnadene. Det kan vere aktuelt å krevje større eigenfinansiering i store prosjekt med mange samarbeidspartnarar.

3.5. Krav til kunnskapsdeling, rapportering og formidling

- Prosjekt som mottek stønad pliktar å rapportere og formidle resultat i samsvar med retningsliner fastsette av Noregsuniversitetet.
- Den endelege prosjektsøknaden skal gjere greie for prosjektet sine leveransar, opplegg for kvalitetssikring samt rapportering, formidling og deling av resultat.
- NUV vil bidra aktivt i å vidareformidle relevant kunnskap og resultat frå prosjekta.

4. Om utfylling av dei einskilde punkta i søknadsskjemaet - prekvalifisering

1.a. Søkjarinstitusjon

Der fleire partar samarbeider, skal *ein* høgre utdanningsinstitusjon stå som formell søker og ansvarleg overfor Noregsuniversitetet. Einskildpersonar, institutt/fakultet/avdelingar eller samarbeidande verksemder/organisasjonar skal ikkje stå som søker.

1.b. Prosjekttittel

Finn ein kort projekttittel som beskriv projektet. For projekt som får støtte, blir tittelen brukt i Noregsuniversitetet sine projektpresentasjonar på nett og eventuelt andre stader.

2.a. Fagområde

Kryss av for kva fagområde projektet kjem inn under. Dette er til bruk for utarbeiding av statistikkar og oversyn.

2.b. Studiepoeng

Projekta skal normalt ha utvikling av fleksible utdanningstilbod som ein viktig komponent – sjå dei overordna føringane (pkt. 2.1 ovanfor). Opplys kor mange studiepoeng kurset/kursa skal gi.

3. Prosjektleder/kontaktperson

Opplys om projektleder, dvs. den som skal ha det daglege ansvaret for projektleiinga. I fall dette ikkje er avklart enda, gi opp ein førebels ansvarleg. Vedkomande vil vere NUV sin kontaktperson i samband med projektet.

4. Kort projektomtale, ca. 1 side.

Dette er eit sentralt punkt i søknaden. Aktuelle moment her kan vere: Behov og bakgrunn for projektet, mål med projektet, og projektets (pedagogiske) konsept/ide, samt ein plan for korleis dette skal realiserast. Sei gjerne og noko om projektets viktigaste tiltak, og forventa resultat av projektet.

5. Projektet i forhold til Noregsuniversitetets føringar

Vis kort korleis projektet vil kunne bidra til

a. kvalitet, betre tilgang og utvikling i høgre utdanning, og kunnskap om pedagogisk bruk av IKT – sjå dei overordna føringane (pkt. 2.1 ovanfor)

b. - pedagogisk utviklingsarbeid gjennom bruk av IKT,

- samarbeid mellom høgre utdanning og arbeidslivet og/eller

- deling av opne digitale ressursar

Sjå nærmare omtale i føringane: Prioriterte satsingsområde (pkt. 2.2 ovanfor)

6. Samarbeidspartnarar og samarbeidsopplegg

Gi opp namn og adresse på samarbeidspartnarar i projektet. Nemn formålet med samarbeidet, og gjer kort greie for innhald og ansvarsfordeling (arbeidsdeling mellom partane) i samarbeidsopplegget. Sjå og pkt. 3.1. i denne rettleiinga og føringane for bruk av projektmidlar.

Sjølv om den første søknaden til prekvalifisering berre skal gjere kort greie for samarbeidsopplegget, viser erfaring at det er viktig at samarbeid er planlagt og førebudd i god tid.

7. Gjenbrukspotensial og berekraft (varige utdanningstilbod)

Noregsuniversitetet vil støtte projekt som produserer kunnskap og læringsressursar som kan gjenbrukast og delast, samt projekt som utviklar varige studieopplegg med ei forventa levetid

ut over prosjektperioden. Gjer derfor kort greie for gjenbruks- og delingspotensialet, og berekraft - f.eks. planar for å bringe aktivitetane frå prosjektfasen og over i permanent drift eller vidareutvikling. Sjå og pkt. 3.2 ovanfor.

8. Tidsplan, framdrift - i hovudtrekk

Gi ei kortfatta oversikt/førebels tidsplan for gjennomføringa av prosjektet: Oppstart, viktige fasar og milepelar, slutføring.

9. Kostnadsoverslag og finansieringsplan

Gi eit førebels overslag. Opplys om prosjektets forventa totale kostnader og finansiering for heile prosjektperioden. Nemn alle planlagde/potensielle finansieringskjelder utanom Noregsuniversitetet, samt forventa sum. Sjå og pkt. 3.4 ovanfor.

5. Utlysing og søknadsprosess

5.1. Formelle krav til søknader og innsending

- Søknad skal skrivast på Noregsuniversitetets søknadsskjema og sendast som vedlegg til e-post til post@norgesuniversitetet.no seinast **12. mai 2010**.
- Alle søknader skal vere godkjente av den sentrale leiinga til søkjarinstitusjonen. Oversendingsbrev om alle søknader, med underskrift frå den sentrale leiinga ved institusjonen, skal innan søknadsfristen sendast til: **Norgesuniversitetet, 9037 Tromsø**. Søkjarinstitusjon treng ikkje prioritere mellom eigne søknader.
- Eventuelle søknader som blir sende direkte frå institutt/avdeling, utan godkjenning frå leiinga ved institusjonen stadfesta gjennom oversendingsbrev, vil ikkje bli behandla. Søkjarinstitusjonane må sjølve sikre at ein har gode nok interne rutinar, så godkjenning ligg føre og brev blir sendt innan søknadsfristen.

5.2. Rettleiing for søkjarar

- På nettstaden til Noregsuniversitetet finst fullstendig utlysing med lenkjer til rettleiing og søknadsskjema sjå <http://norgesuniversitetet.no>
- Noregsuniversitet vil og kunne arrangere søkerseminar i form av video- eller telefonkonferanse dersom det er interesse for det. For meir informasjon kontakt kontorsjef Vigdis Amundsen, tlf. 77 64 59 57/952 80 741, Vigdis.Amundsen@norgesuniversitetet.no.

5.3. Prekvalifiseringsrunde

- Alle søkjarar leverer ein relativt kortfatta prosjektsøknad, utforma i tråd med krav og skjema fastsette av Noregsuniversitetet - jf. utlysingsbrev, søknadsskjema og rettleiing. **Søknadsfrist er 12. mai 2010.**
- Søknadene blir vurderte av ei gruppe samansett av rådgivarar frå Noregsuniversitetet og eksterne ressurspersonar. Noregsuniversitetets styre tar den endelege avgjerda om kva for søknader som skal gå vidare.
- Bedømminga skjer etter føringar fastsette av Kunnskapsdepartementet og andre kriterium fastsette av Noregsuniversitetet - som gjort kjent i utlysinga og denne rettleiinga.

5.4. Fullstendig søknadsrunde

- Alle prosjektsøkjarar som er vurderte til "bør gå vidare" blir inviterte til å levere ein fullstendig prosjektsøknad, utforma i tråd med krav og skjema fastsette av NUV.
- Svar til søkjarane i første runde er planlagt til medio juni, og andre søknadsfrist 1. november.

- Prosjektsøknadene blir vurderte av ei gruppe samansett av rådgivarar frå NUV og eksterne ressurspersonar.
- Bedømminga skjer etter føringar fastsette av Kunnskapsdepartementet og andre kriterium fastsette av Noregsuniversitetet - som gjort kjent i utlysinga og rettleiinga.
- I denne bedømminga vurderer gruppa innstilling om løyving eller ikkje løyving av prosjektmidlar. Endeleg innstilling til NUV sitt styre blir utforma av sekretariatet.

5.5. Løyving av midlar

- Løyvinga av prosjektmidlane blir gjort av Noregsuniversitetets styre.